

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76.

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Agdenes

Emne: DEI "KLOKE".

Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Elven

Gard: Elva

(adresse): Fenes

G.nr. 44 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

"Kloke" i den meining som i dette emne er tenkt, veit eg ikkje å nemne her i Agdenes.

Når det bli sagt, at dei sjuke går hellere til dei kloke og kvaksalvaran', så vil eg segja (eller svara), at den påstand er ikkje heilt sannferdig. Men etter at dokteren eller doktran' var søkt utan gagn, så var dei "kloke" ein siste prøve, og i mange tilfelde gav dei god hjelp mot sjukdomen.

Likevel, eit døme på "klokskap" skal eg nemne:

Kring år 1920 hadde eik ektepar her 2 bonn i 2 - 3 års alder, som ikkje var i god trivsel. Dei vaks seinvore og såg veike ut. Folk sa, at dei kanskje hadde "engelsk sjuke". Så kom det "eit omreisande par" på tur i grenda. Mannen var frå Nordre Land og fødd i 1842, og kvinna sa seg vera frå Namdalen og fødd i 1839. Mannen var vonleg av vanleg austlandssett, men kvinna var vonleg av - iall fall av sterkt innblanda - tater. Så kom dei til huset der desse skrале bonna var, og da sa kvinna, at ho skulde gjera-god bonna, men ho måtte få hår og neglar av deim. Så fekk ho det, og om ei litt tid deretter vart det sagt, at "no var bonna bra". (Denne "kloke" kvinna døydde i 1932).